



Fjord kommune
Olavsgata 10
6210 VALLDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Andreas Sandnes Granli, 71 25 84 27

Endring av fellingsløyve på skadegjerande jerv i Fjord kommune - Overføring av ansvar frå Valldal og Fjørå beitelag til Fjord kommune

Vi viser til telefonisk kontakt med Toralv Klokkehaug i Fjord kommune 18.08.2020, samt e-post frå same dag om at kommunen vil gå inn og assistere i fellingsforsøk på jerv.

Beitelaget har hatt vanskar knytt til mannskap og har bedt kommunen organisere fellingslag. Skadefellingsløyve er gjeve til beitelaget utan økonomisk kompensasjon, kommunen har difor bedt om at løyvet vert endra slik at Fjord kommune kan stå ansvarleg for forsøket og få tildelt ein økonomisk ramme til fellingslaget.

Fylkesmannen har midlar til rådigheit og det var diskutert med beitelaget å involvere kommunen før søknaden vart innvilga. Beitelaget ville da gjera eit forsøk sjølv, utan økonomisk kompensasjon. Fylkesmannen er positiv til at kommunen og beitelaget no er samde om at kommunen tek over og oppnemner kommunalt skadefellingslag. Beitelaget kan halde fram med utvida tilsyn. Fylkesmannen legg til grunn at fellingsforsøket vert gjennomført på ein effektiv og hensiktsmessig måte. Det vert sett av ei økonomisk ramme på kr 40 000,- for kompensasjon for jegerar som deltek i fellingsforsøket (§ 9). Det vert ved første gongs iverksetting av fellingsforsøk avsett eit beløp på inntil kr 15 000,- til dokumenterte utgifter (§ 9).

Slik det går fram av kommentarane til § 9a i rovviltforskrifta har Klima- og miljødepartementet fastsett ein døgnset på kr 1600,- pr. deltakar etter rapport (timelister) frå fellingsleiar.

Vedtak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjer med dette følgjande endring i vårt vedtak av 14.08.2020: Med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd b) og § 77; jf. §§ 1, 3, 9 og 13 i rovviltforskrifta av 18.03.2005, samt vedtak fatta av Rowiltnemnda for region 6 den 26. mai 2020 i sak 18/20, flyttar Fylkesmannen ansvaret for skadefellingsforsøket frå Valldal og Fjørå beitelag til Fjord kommune.

Fylkesmannen innvilgar kr 40 000,- til jegerløn (§ 9a), og kr 15 000,- til dokumenterte utgifter (§ 9). Det kan ikkje søkast refusjon for kostnader som er oppstått før kommunen fekk tildelt ansvaret for fellingsforsøket.



Løyvet er elles uendra og vilkår og grunngjeving kjem fram av vårt løyve av 14.08.2020 der kommunen står som kopimottakar, referansenr. 2020/3864.

Vi minner kommunen om at fellingsleiar og medlemmer i fellingslaget skal meldes inn til Fylkesmannen før fellingsforsøket kan halde fram.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
fagleiar

Andreas Sandnes Granli
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

**Fylkesmannen i Trøndelag
MØRE OG ROMSDAL
POLITIDISTRIKT
SNO v/Miljødirektoratet**

Postboks 2600

Postboks 1353 Sentrum

Postboks 5672 Torgarden

7734

6001

7485

STEINKJER

ÅLESUND

TRONDHEIM